

Håsteinen er nemnd i 1723, at der kan fødest 4 bester både vinter og sommar, og at den ligg under Alden. Amund Héland skreiv at «i Håsteinen opfødedes før okser der gikkude det hele år. Der er anledning til fiskeri og selhundfangst.» Elles kallar han øyane for «en samling lave, ubeboede holmer og skjær.» Men det har budd folk i Håsteinen i lange periodar, sjølv om der ikkje budde nokon akkurat på den tid han Amund skreiv dette.

I 1731

døyde «dend ærlige og fornuftige, nu Salige Mand» Johannes Olsen i Alden, og ein månad seinare døyde den 41 år gamle sonen, «dend velagte Mand Jonas.» Desse var leiglendingar og åtte halvparten kvar i alt som var laust i Alden, til og med ei kvern. Bustadhusa deira fylgte jorda, men dei åtte eit hus i Håstenene. Dette er det første huset eg har funne omtala i Håsteinen. I skiftet etter Johannes er også nemnt ei laksenot, og det er verdt å merke seg at dei hadde laksenot på den tid.

Enkja

etter Jonas, Borgny Olsdatter frå Melver, gifte seg opp att for 3. gong året etterpå. (Ho og Jonas hadde forresten ei dotter som var i teneste hos biskop Pontoppidan i Bergen.) Tredje mannen hennar Borgny var Jens Hansen Grønhaug frå Bygstad, han var då 35 år, men ho var 55. Dei fekk ikkje born i lag, men desse to presterte å kjøpe Alden frå Svanegods-arvingane i 1734, og vart dei første sjølevigarane i Alden. Det ser ut til at Håsteinen var med i dette kjøpet. Jens vart også eigar av eit hus i Håsteinen, truleg same huset som nemnt



Håsteinen er ei samling låge øyar, holmar og skjær eit par-tre nautiske mil nordvest av Alden og Værlandet. Her budde folk til fram i dette hundreåret.

seinare måtte to brør, Jonas og Knut, forlate hytta om natta. Komne i båten, kjende dei seg trygge, og Jonas ropte opp att: «No reiser vi, no kan du komme du ogl!» Dei tok til å ro, og «han» kom. Det sette seg ei eldkule på baksukten og vart sitjande til dess dei duppa ei oljetrøye i sjøen og slo det vekk med den. Denne hendinga forfylgte Jonas seinare i livet. Det vert sagt at han fekk ikkje fred før han på sine eldre dagar gav ei sælebotsgåve til dei spedalske på St. Jørgens hospital i Bergen.....

Gabriel Jakobson Lervåg,

gift 1861 med Anne Johannesdtr. Leknesund, budde i Håsteinen. Dei fekk mange born, men dei fleste døyde av tuberkulose i ungdomen. Der ute var dei sjølvsgått heilt isolert frå omverda i uversperiodar, og då kunne det bli knapt om mat. Ein slik periode var kona og borna áleine, Gabriel var borte ein stad. Så snart uveret gav seg, rodde Johan i Alden ut for å sjå kor det stod til med folket der ute. Då han nærma seg Gabrieløyna, kom ein gut ned på berget, og Johan spurde: «Kor er det med doke, leve de alle?» «Ja,» sa sa guten, «det er bra no, men du skulle ha vore her den dagen ho mamma slakta grisien!»

Yngste dotter til Gabriel og Anne døyde i 16 års alderen, ho slokna om natta. Dagen etter var det rasande søravind, men Gabriel kom roande opp i Værøyhamnen. Nokre spurde om han hadde rodd Håsteinen i slikt ver? «Bles det då?» sa han, han

ymse

Bots- og bededag med nytt innhold

Bots- og bededagen er mellom dei dagane i kyrkjeåret som gjev grunn til lange teologiske utgreiingar. Dagen er opphavleg til minne om vondé hendingar i landet, og folket skal vedkjenne sine synder i kyrkja. Liturgikommisjonen arbeider med ei eiga gudsteneste for denne dagen, og eitt av spørsmåla er kørleis ein skal gje denne dagen eit meir globalt innhald enn før.

Det er ein gammal kyrkjeleg skikk å halde bots- og bededag etter store ulukker i landet. Denne skikken tok Luther inn i reformasjonen, og i Danmark og Noreg vart dette frå 1686 ein fast dag i året. Fram til 1915 var fjerde fredag etter påske bots- og bededag, seinare vart dagen flytt til fredag før helgemesesdag og sidan 1950 til sundag før helgemesesdag. Det er siste sundag i oktober.

Sildestamma over kneiken

Den atlanto-skandiske sildestamma er kome over kneiken, meiner forsknings-sjef Johs. Hamre som har stelt mykje med dette.

Sildestamma er under oppbygging. Frå 1975 til i dag har gytebestanden auka til ca. 2 millionar hektoliter. Men det er langt igjen til rekorden på kanskje så mykje som 150 millionar hektoliter i 50-åra.

Grunnen til at det gjekk så gale, er at det vart fiska altfor mykje ungsild, meiner Hamre.

I Stortinget har fiskeriministeren sagt, at dersom granskingane viser at bestanden toler det, kan det

1741, brende dette huset ned, og Jens mistenkte nokre bu-lendingar for å ha vore ufor-siktige med varme når dei var inne og kokte seg mat. Engel Anderson, gift med danske-Silla, var ein av dei som var i retten og vitna den gongen.

I 1750

fekk Jens Hansen fredlyst Håsteinen. Ingen måtte skyte fugl eller kobbe der, ei heller rane egg eller dun. Akkurat dette med dun er nokså interessant, for det viser korleis verdiforholda kan forandre seg med tida. Vi får eit bilet av det i skiftet etter Johannes Olsen i 1731. Der er gjennomsnittleg pris pr. ku 2 1/2 dalar. Men mellom sengkleda finst 2 «æderduns overseng», den eine vart sett til 3 dalar, den andre nesten til 6. Ved første augekast ser det urimeleg ut at ei dundyne kan ha større verdi enn 2 kyr. Men tenkjer vi over den store klasse-skilnaden i samfunnet på den tid, den vesle tilgangen på dun og den store etter-spurnaden frå alt velstands-folket som gjerne ville ha gode dyner, så er det råd å forstå at dyna måtte bli dyr. Det går elles fram av skiftet at leiglendingane i Alden må ha stått seg godt, og det skjønar vi også når dei kunne ha råd til å ligge og kneke i slike dyre dyner.

I 1753

kjem vi til skiftet etter henne Borgny i Alden. Huset i Håsteinen er opp att bygt, og no er det kalla eit stuehus.

Jens gifte seg opp att då han var blitt 59 år, og no valde han ei yngre kone. Den første hadde vore 20 år eldre enn han, den andre var 28 år yngre. Ho heitte Karen og var av Zitzelau-slekta i Sausund, og no vart det 5 born i rekke og rad. To av sønene,

Håsteinen under Alden

18 og 20 år gamle, drukna då dei kom frå Håsteinen med høylast. Dette er den hendinga som står nemnt under Alden 33 i Askvoll-bøkene, men det skulle stått under 30, for det var desse to som rak ned på Kylpa i 1777 og drukna der. På den tid budde det ikkje folk i Landøy eller Kalvøy, så ingen kunne høre dei. Ei jente som var med i båten, greidde å kare seg i land, og ho gjekk til Værlandet.

Ein yngre son

av Karen og Jens heitte Bernt, og vart seinare mykje omtala som Store-Bernt i Alden. Det har vore nemnt at denne Bernt eigna til seg Håsteinen med makt, med di han jaga andre derifrå, men Håsteinen låg under Alden lenge før hans tid. Noko liknande vert også fortalt om Ryksteinen under Høyvik, at dei ein gong i tida skal ha teke den med makt, men det er ikkje heile sanninga. I 1748 vart det på tinget i Sauesund kravt at Høyvik skulle vise papir på at dei åtte Ryksteinen, der dei hadde hus. Dei kunne ikke vise noko slikt papir, men svara at Ryksteinen alltid hadde lege under Høyvik frå gammal tid. Dette vart ikkje godteke, Ryksteinen vart seld på auksjon, og Høyvik-arane måtte by høgst for å få behalde den. Det kosta dei 9 1/2 dalar, om lag verdien av 3 kyr. Det kom også brev frå København om å få verdsatt «de Skiær-Røstenene kaldet», så dei kunne få sin «rettmessige» skatt av dette.

I Håsteinen

har stått fleire hus i Gabrieløyna, det har stått hus i Erkøyna, ei 3. øy heiter Husnøyna og ei 4. Andersøyna. Det er vel bra sikkert at det må ha stått hus i Husøyna når den kan ha fått eit slikt namn, då er det meir usikkert med Andersøyna. Ein husmann Anders Alden er nemnd i 1684, det er kanskje han Andersøyna har fått namn etter, men dette er berre gissing.

Det har budd fastbuande

huslydar i Gabrieløyna, men har det budd ein Erik i Erkøyna? Vi må heilt tilbake til 1624 før vi finn ein Erik under Alden. Det skulle alltid vere slik uro i det huset som stod i Erkøyna, så det kan også tenkast at øya er blitt oppkalla etter den Gamle av same namn. Det vert foralt at det huset tidlegare hadde stått som skjenkestova i Kinn, og at ein mann vart drepen i den skjenkestova ein gong. Sidan vart det slik uro i huset, og eigaren kvitta seg med det. Omsider hamna det i Håsteinen, men «styggdommen» flytte med. Folk som prøvde å overnatte i hytta, måtte som oftast komme seg derifrå midt på natt. Ein Tomas Hansen fekk ein dult i skuldra då han var i ferd med å komme seg ut ei natt, då vende han seg til den usynlege og ropte: «Slær du og mann?» Ein gong

hadde rodd i svartestille heile vegen.

Ole Johan Madsen

frå Håvåg, gift 1889, med Karen Sofie Hansdatter Søreidet, busette seg i Håsteinen omkring 1900 og budde der til 1920 då dei flytte til Nikøy i Balandet. Denne familien hadde også ei ku i Håsteinen, familien til Gabriel hadde ikkje hatt det. Ole Madsen var ein drivande kar på sjøen. Frå Håsteinen vart det også kortare uteor til felta i nordvest, enn frå Balandet og Værlandet. Mellom anna var han inne på eit fiske som neppe vert drive lenger, - å fiske kveite på snøre. Ein annan som av og til prøvde det same, slo seg i lag med Ole Madsen ein dag, og desse to kom heim med 5 kveiter på 1 dag, dei hadde fiska med 2 snøre.

A bu i Håsteinen

kunne elles vere risikabelt nok. Ei av konene der ute skulle ein gong ro frå Værlandet til Håsteinen, ho hadde eit barn med seg i båten. Det kom tett skodde og ho rodde forbi Håsteinen. Ho vart oppsørvart av nokre frå Tøviberg som låg og fiska vest av Ryksteinen. Dei skjøna situasjonen, rodde etter henne og fekk stanse henne før det var for seint. Til vanleg var det sikkerthardt nok å vere hummor i Håsteinen, men den gongen var ho truleg glad for å komme heimatt til Gabrieløyna.

S. J. L.

kvantum for fiske til konsum neste år.

Havforskningsdirektoratet vil gjere nye granskingar i vinter.

Unnatak ein bagatell

Unntaka i inntektsstoppen er i grunnen som dråpar i havet og dei fortener knapt den merksemda dei har fått. Dei unntaka det er gjort framlegg om, er rekna til å utgjere 0,8 prosent av løna. Til samanlikning er t.d. medlemskontingenent i Jern og Metall 1,5 prosent av løna, sa stortingsrepresentant Thor-Eirik Gulbrandsen (A) på eit møte i Skien tysdag kveld.

Også byråkratane

skal lære betre norsk

Som ein lekk i arbeidet for å få fram eit lesleg og skjonleg mål i styringsverket, kom det for ei tid sia ei bok, skiven av professor Finn Erik Vinje, med rettleiing i korleis bokmålet kan bli meir folkeleg og nå fram til vanlege folk. Aukande krav etter meir ny-norsk frå styringsverket, og skortande norskunnskap frå folk som søker postar der det vert kravt at dei skal meistra nynorsk, gjer det turvande å betra norskkoppleringa. Det er no vedteke å gi ut ei ny-norsk utgåve av boka til professor Vinje, som då vil få namnet Betre norsk.

Døve-internat-skule på Vestlandet

I framlegget til statsbudsjett for 1980, vil Kyrkje- og Undervisningsdepartementet ta stode til spørsmålet om det skal byggast ein internatskule for døve og høyselsvekka på Vestlandet, opplyste statsråd Kjølv Egeland i Stortinget onsdag.

Det bør etablerast eit opp-lærings- og servicetilbod i Bergen for døve og høyselsvekka i Hordaland og Rogaland.

Dei største øyane i Håsteinen.



Drogeskjeret

Kråka

Landøyna

Dette området heter
Kylpa

Leiaskjeret

Melværrånen

Skjæret Kelve. Det var truleg her 2
brødre, 18 og 20 år, drukna i 1777